

# Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur

Nr 2 | juni 2021 | 24. årgang



## Neste bladet

kjem i desember 2021, med frist for stoff 15. november. Send gjerne inn tips eller stoff!

## 165 år gammal ost

med oppskrift fra Rausjødalen setermeieri er no å få kjøpt att. Det vil seia,osten er ikkje 165 år gammal. Men det er 165 år sidan to agronomar kom til Rausjødalen i Tolga i Nord-Østerdalen og skulle læra nordmennene å laga sveitsarost. Meiereiet i Rausjødalen er rekna som byrjinga på det som i dag er Tine. Osteeventyret frå 1856 varte berre to år, mellom anna på grunn av vanskeleg frakt til byen. I dag er det Galåvolden på Røros som lagar Rausjødalsosten.



### Styret:

Siv Beate Eggen, leiar  
Sørbygdvegen 543,  
7760 Snåsa,  
tlf 481 02 785  
sivbeate@me.com

Kari Sofie Asmyhr Østen  
Kongevegen 69  
2770 Jaren  
tlf 975 07 002  
kari.sofie.asmyhr.osten@  
tine.no  
(repr. landbrukssamvirket)

Knut Ola Storbråten,  
nestleiar

Anno museum, Odalstunet,  
Kongsvinger festning 2,  
2213 Kongsvinger  
tlf 46951351  
knut.ola.storbraten@  
annomuseum.no

Varamedlemmer  
Irene Wik Aarbakk  
Sudbøvegen 107  
3844 Åmotsdal  
tlf 911 96 434  
Irene\_aarbakk@yahoo.no

### Styremedlemmer

Inga Iversen Aasen  
Vingelsåsen 51  
2542 Vingelen  
tlf 416 37 520  
ingaversenaasen@gmail.com

Ove Søstrand  
Strandavegen 2,  
6947 Lavik  
tlf 951 38 819  
ove.sorestrand@nlr.no

Ole Øvrejorde  
Villandsvegen 38  
3577 Hovet  
tlf 413 06 746  
ole@ovrejorde.no

Gro Haraldsdotter Arneng  
Dalsvegen 639  
2940 Heggenes  
tlf 952 26 255  
groarneng@hotmail.com

### Utgjevar:

Norsk seterkultur  
Skrautvålvegen 77, 2900 Fagernes

Telefon 990 09 584  
E-post seter@seterkultur.no  
Hemeside www.seterkultur.no

Sekretariat: Katharina Sparstad  
katharina.sparstad@valdres.no

Bankgiro: 2367 20 51169  
Organisasjonsnr. 879270642  
Redaktør: Øystein Skjæveland, tlf 416 07 381  
heim@irosa.no

Trykk: Unitrykk, Spjelkavik

Rekneskap/abonnement: Svein Løken, sv.loken@gmail.com

**ISSN 1501-6803**

**Seterbrukaren kjem ut tre gongar i året.**

**Redaksjonen avslutta 5. juli 2021.**

**Framsida: Frå setra ved Setersjøen i Dalsbygda.  
Bilete: Erling Tingstad.**

# Nytt tilskot til Unesco-søknad

Den 18. mai fekk Norsk seterkultur tilsegn om meir penger til UNESCO-arbeidet. Denne gongen var det frå Landbruksdirektoratet, og løyvinga var på 1 millionar kroner!

Rett før årsskiftet kom det kr 700 000,- frå Innlandet fylkeskommune til arbeid og aktivitetar for å få seterkulturen innskriven på UNESCO si liste over immateriell kulturarv.

Norsk Seterkultur starta arbeidet med ei listeføring av seterkulturen etter årsmøtevedtak i 2018. Sidan då har det vore gjennom både utgreiingsfase og forprosjekt, og no er hovudprosjektet godt i gang. Forprosjektet vart også støtta av Valdres Natur- og Kulturpark, Innlandet Fylkeskommune, Øystre Slidre kommune og Fylkesmannen i Oppland (i 2019). Forprosjekt var viktig for å forankre arbeidet og definere vidare arbeid.

Det er sendt fleire søknader, og ikkje alle har gjeve tilsegn. Det er derfor særsla gledeleg at Landbruksdirektoratet vel å støtte arbeidet. Dette er samstundes ein

aksept for at arbeidet er relevant for landbruket. Denne aksepten er viktig for oss, seier dagleg leiar Katharina Sparstad. På same måte var det viktig at Fylkestinget i Innlandet, som landets største seterfylke, valde å støtte prosjektet med kr 700 000,-. Andre fylke som har gitt støtte til arbeidet er Vestfold og Telemark fylkeskommune og Fylkesmannen i Trøndelag som begge har bidrege med kr 200 000,- kroner.

I arbeidet skal setrar besøkast og stølslivet skal dokumenterast i tekst, bilet og film. Status i skrivande stund er at vi freistar å få ein felles UNESCO-søknad med Sverige. I Noreg har vi omlag 900 setrar i drift, medan situasjonen i Sverige er mykje därlegare med knapt hundre igjen.

Meir informasjon finn du på [seterkultur.no/UNESCO](http://seterkultur.no/UNESCO).

## Uvisst for Baquer

Seterbrukaren har før skrive om Baquer Mosawi, ein flyktning frå Afghanistan som var seterbrukar i Sverige. Trass opprop og kampanjar vart Baquer til slutt utvist frå Sverige. Det svenska syster-bladet til Seterbrukaren, «Svensk fäbodkultur och utmarksbruk», skriv i siste utgåva litt om Baquer. Bladet har snakka med seterbrukar Bertil Johansson, som har kontakt med Baquer. Johansson seier at Baquer er i live, men at han har det svært vanskeleg. Han må halda seg gjøymt, og det er farleg dersom nokon hører han tala engelsk eller eit anna framandspråk.

Leiaren i «Förbundet svensk fäbodkultur och utmarksbruk», Kenneth Johansson, kritiserer den svenska regjeringa for at dei ikkje vil stø Baquer si sak. Regjeringa krev at Baquer skal ha kontakt med dei juridiske kontaktpersonane sine i Sverige, men dette er livsfarleg



Baquer Mosawi med dyra sine i Sverige i 2019 (bilete: Magnus Bergström).

for han, seier seter-kollega Bertil Johansson. Han hadde sist kontakt med Baquer gjennom ein app på telefonen, men kontakten vart broten. -Men no veit me at han lever, seier Bertil Johansson til det svenska bladet.

Ø.S.

# Svært god respons på spørreundersøkelsen "Setra mi"

Etter et par uker har nær 290 seterbrukere svart på Norsk Seterkultur sitt spørreskjema om seterbruket i dag.

Seterkulturen er en viktig del av vår kulturarv! I forbindelse med arbeidet med å få skrevet inn seterkulturen på UNESCOs liste for immateriell (=levende) kulturarv trenger vi å vite mer om setrene våre. Vi har derfor relansert spørreundersøkelsen: «Setra mi»!

Gjennom UNESCO-prosjektet vil vi vise fram arbeidet som gjøres på setrene i dag, tradisjoner som fortsatt er i bruk og kunnskap som overføres mellom folk, men da trenger vi hjelp! Vi trenger informasjon om alle setrene i Norge og håper at flest mulig seterbrukere vil svare.


Spørreundersøkelsen *Setra mi* finner du på Norsk Seterkultur sin nettside <http://www.seterkultur.no/>.

I midten av juni sendte Norsk Seterkultur ut e-post til omlag 900 seterbrukere, og av disse har altså nær en tredjedel svart alt. Nå venter vi spent på resten!

## Instagram-kampanje - #setra\_mi

I sommer ønsker vi å vise fram seterlivet i Norge! Ta bilder som viser livet på setra og tag med #setra\_mi.

Ta bilder fra egen seter eller ei seter du besøker - og oppfordre andre til å gjøre det samme! Vis fram hverdagen på setra, med aktiviteter som f.eks. buføring, melking, dyrestell eller foredling. Sørg for at personer på bildene har gitt sitt samtykke til at de kan publiseres. Noen av bildene repostes på vår instagramkonto Setra\_mi.



Seterskjemaet er på nettsida [seterkultur.no](http://seterkultur.no).



"Melkekyr på Langsetra", lagt ut på Instagram med emneknaggen #setra\_mi av @maritlindjord (Marit Lind Jordet).

# Samling om seterbruk på Røros

Vi i Norsk Seterkultur arrangerer en fagsamling for alle seterbrukere på Røros 5.-7. november 2021. Vi håper at du blir med!

Hva skal til for å bevare den norske seterkulturen, og hvorfor er dette viktig? Hvordan kan vi jobbe sammen og hvorfor oss for å ta vare på den?

Dette er tema som vil diskuteres på denne fagsamlingen, og vi håper at så mange seterbrukere som mulig vil ta turen og dele deres erfaringer og innspill. Det står både foredrag, workshop og diskusjoner på programmet, og erfaringer, gode historier og nyttige tips vil deles til inspirasjon og fornøyelse.

## Solceller og Nofence

Blant annet vil Bolette Bele fra NIBIO og Håkan Tunón fra NAPTEK snakke om likheter og forskjeller ved norsk og svensk seterkultur – kanskje får vi besøk av flere fra vår söta bror også? Energi Pluss vil snakke om fossilfri drift på setra ved bruk av solceller (artikkel side 8 og 9 i bladet), representanter fra NoFence og Ryddegeita vil snakke om digitale gjerdesystemer og Hans Brimi fra Brimi Sæter, samt Erik Fleischer og

Roy Tomas Leirvik fra Braskerudsætra i Solør, vil gi gode tips om prissetting av seterprodukter.

Rådhuset Vingelen vil informere om prosjektet som handler om å få seterkulturen inn på UNESCOs liste for immateriell kulturarv.

Det vil bli felles middag, underholdning og aktiviteter gjennom helgen, så alt er tilrettelagt for en spennende, inspirerende og sosial samling.

## Påmeldingsfrist 10. september

Interessert? Se nettsida til Norsk Seterkultur for mer informasjon og registrering.

Påmeldingsfrist: 10. september, men jo før, jo bedre! Planleggingen blir mye lettere for oss, jo tidligere vi kan estimere et antall, så vi oppfordrer alle til å sette av helgen og melde seg på så fort som mulig – du kommer



Braskerudsætra i Solør er på programmet til fagsamlinga. Her er det Roy Leirvik som kinnar smør (bilete: Erik Fleischer).

ikke til å angre!

Påmeldingen er bindende, men dersom smittevernmessige retningslinjer gjør at arrangementet ikke kan gjennomføres, vil påmeldingsavgiften bli refundert.

## Smør-merke også i år

Lagar du setersmør kan du også i 2021 få selja smøret med merket for verna tradisjonelt særpreg. Omlag 20 produsentar har alt teke merket i bruk.

Det var i 2019 at Norsk seterkultur oppnådde vern av setersmør på tradisjonelt grunnlag, og sju smørprodusentar kunne i 2020 selja smøret sitt med det tilhøyrande merket. Ein må då oppfylla forskrifter for dette. Les meir på seterkultur.no.

## Smør-kurs til hausten

Norsk seterkultur har planlagt kinnekurs til hausten.

Kurset skulle eigentleg ha vore halde i februar 2021 i Bø i Telemark i samband med årsmøtet, men vart avlyst på grunn av covid19. No er tanken å laga til kurset i oktober. Kursstaden er Fagernes i Valdres.

Meir informasjon vil koma på heimesidene til Norsk seterkultur, seterkultur.no.

Ø.S.

## Kva skjer på setra di i sommar?

I samband med Unesco-prosjektet vil Rådhuset Vingelen gjerne ha tips om det som skjer på setrane i år. Så om du skal ha open dag, setertreff eller andre tilskipingar, send litt informasjon om dette til hege@radhusetvingelen.no eller ring telefon 415 48 465.

Ø.S.

# Smittevern på setra 2021

Korona-viruset heng over oss også sommaren 2021, og for deg som har open seter eller servering er det ein del ting å passa på.

Av Øystein Skjæveland

Sjølv om Noreg held på å opna opp og reglane etter kvart vert mindre strenge, er det framleis både nasjonale og lokale retningsliner å fylgja.

Den beste kjelda for reglane er den offentlege informasjonen fra Folkehelseinstituttet og andre på nettsida [www.helsenorge.no/koronavirus/oversikt-over-regler-og-anbefalinger/](http://www.helsenorge.no/koronavirus/oversikt-over-regler-og-anbefalinger/).

Men det kan også vera lokale retningsliner som gjeld for kvar kommune. På den nemnde nettsida ligg det også peikarar til korona-informasjon frå kvar kommune i landet.

Det er altså viktig å vera klar over både dei landsgyldige reglane, men også lokale tilpassingar i kvar kommune.

Alle dei konkrete reglane er for omfattande og detaljerte til å ta med her. Men hovudpunktata gjeld mellom anna:

- avstand (hovudregel éin meter)
- hostehygiene
- tal på personar som er samla.

For serveringsverksemder vil det ofte vera krav om å registrera gjestene, med tanke på seinare smittesporing. Kan dette vera aktuelt for deg, så ta kontakt med helse-leiinga i kommunen din og be om råd.

Som eit konkret eksempel på smittevernreglar for ein stad som er open for publikum vil Seterbrukaren her visa fram generelle retningsliner for museet Odalstunet, og smittevernreglane frå Skålbergsætra i Nord-Odal, som er Odalstunet si museumsseter:

Frå Skålbergsætra (bilete:  
Knut Olav B.  
Storbråten).



## Generelt

Mål og hensikt med åpning Musene våre er åpne institusjoner. Anleggene har stor betydning for folk som møteplasser, kunnskapsformidlere og rekreasjonsområder. Det er viktig at museene bidrar til at folk får gode opplevelser i nærmiljøet i ei tid preget av unntakstilstand.

Museene forholder seg til retningslinjer fra nasjonale og lokale myndigheter.

Ikke besøk museene dersom du er syk, pålagt karantene eller isolasjon.

Følg generelle råd og regler gitt av helsemyndighetene.

Det oppfordres til først og fremst å bevege seg sammen med personer i samme kohort.

Hold avstand til hverandre.

Generelt om evt. smittesporing

For smittesporing opprettes egne lister med navn og kontaktinfo på besøkende. Listene fylles ut manuelt, og makuleres etter ti dager.

## Skålbergsætra:

Setra åpner igjen i sommer i tidsrommet 28. juni - 25. juli. Setra er åpen daglig fra kl. 12 – 17.

Antallet besøkende på

setervangen skal ikke overskride 50 på samme tid. De ansatte har ansvaret for å kontrollere dette.

Det henges opp instrukser ved grindene vedr. avstand mellom de besøkende og andre forsiktighetsregler, bl.a. at man ikke kan besøke setra dersom man føler seg sjuk.

Håndsprut er tilgjengelig ved grindene i tillegg til håndvaskestasjonen ved fjøset.

Utedoen kan benyttes av de besøkende. Den rengjøres daglig.

Serveringa blir utført av frivillige. De frivillige får nødvendig informasjon om overnevnte regler av museumsleder ved Odalstunet. De frivillige skal ikke møte på jobb dersom man føler seg sjuk.

Serveringa foregår fredag, lørdag og søndag. Vafler steikes i mjølkebua. Det er ikke selvbetjening, vafler og kaffe bringes ut til serveringsbordet. Utebordene rengjøres flere ganger daglig.

Dyrehold og mjølkestell blir utført av ansatte som ikke arbeider med servering. De ansatte skal ikke møte på jobb dersom man føler seg sjuk.

# Nytt liv på Gaurhovdstølen

Gaurhovdstølen ligg inne på høgfjellet, 1050 m.o.h., midt mellom Hallingdal og Hemsedal, der du kører opp frå Torpo.

Her kan du på ein skyfri formiddag sjå fleire kjente fjelltoppar i Noreg. Du kan sjå Gaustatoppen mot sør-vest, Galdhøpiggen mot aust-vest og vakre Hallingskarvet med Hardangerjøkulen mot nord-vest. I tillegg til dei meir lokale fjella Lauvdalsbrea, Reineskarvet, Blåberget, Grytingen og Såta. Her vil Bent Arild Spildrejorde og Bjørg Engene starte oppatt med stølsdrift av mjølkekryr.

*Her blir det laga mjølkeprim (alle biletet: Wenche Smestad).*



## Vil starte oppatt med stølsdrift

-På denne idylliske stølen har me no tenkt å starte oppatt støslivet, seier Bjørg Engene. Me har planlagt å ta i bruk det gamle fjøset her, og har alt lagt inn straum og bora etter vatn. Det er også laga ny veg opp til fjøset,

slik at mjølkebilen kjem til.

Ho driv mjølkeproduksjon i Hemsedal, og ser for seg å drive støl på Gaurhovd halve sommaren. Fyrste delen av sommaren er ho på på stølen sin i Hemsedal.

-Me har att å få laga oss eit ordentlig mjølkerom, samt kva slags system me vil ha for mjølking her. Me tenker anten mjølkegrav eller røyrmjølking, fortset ho. Ho fortel også at dei ynskjer seg eit tilbygg der dei kan drive med separering og ysting. Produkta vil ein få kjøpt der på stølen.

-Det er lenge sidan det var kyr på bås her på stølen. Ho mor dreiv stølen med leigekyr, den gongen ho dreiv garden, opplyser Bent Arild Spildrejorde. Det er han som eig stølen, og er gift med Bjørg. Dei driv kvar sin gard. Ho driv med mjølkekryr i Hemsedal, og han driv med sau i Oppheim på Torpo.

Om hausten vil ein også kunne sjå sauene til Bent Arild på stølen. Om sommaren har han sauene sine i Føldalen, som er statsallmenningen i Ål kommune.

## Stølsdag

I over 30 år har det vore tradisjon med stølsdag på Gaurhovdstølen.

-Den går av stabelen fyrste helga



Stølsdag og høyslått på Gaurhovdstølen..

i august. Dette er eit samarbeid mellom skule, bondelaget og bygdekvinnelaget for å halde vedlike gamle stølstradisjonar slik at dei ikkje blir gløymd, fortel Bjørg. I dag er det ei stølsdagsnemnd som består av ca 50 personar, som alle jobbar på dugnad for å få dette til. Her blir det vist fram lam, kalvar, kaninar, hestar og høner, fortset ho. -Damene i bygdekvinnelaget kokar både prim og saupsuppe, og kinnar smør på gamlemåten. Etterpå får alle smaka. Det er også sal av rummegraut, ystil, gommokaku, kvikaku, brus og anna i frå kiosken vår, legg Bent Arild til.

-Kaffien er gratis, og kokt i gamal, svart kaffikjel på bål, seier han. Om du vil, kan du delta i dei konkurranseane som dei arrangerar. Det er ballkasting for ungane og hesteskokasting for dei vaksne. Etterpå er det premiering. Ein kan også vera med på tur med hest og vogn, eller ponnyridning for ungar. Det er også nokre småaktivitetar som spikking og toving for ungane.

Utpå ettermiddagen har Hugnad ungdomslag og seniordansen oppvisning i gamaldans og laus. Då er det ungdomen i bygda som visar kva dei har lært på kursa til ungdomslaget. -I 2019 hadde me 30-årsdag for stølsdagen, då hadde me over 250 betalande gjester på festen om kvelden. På sjølve dagen var det over 700 besøkande. Det var publikumsrekord, fortel Bent Arild. -Me var kjempeheldige med været, og sola skein frå blå himmel. Me sette opp danseplattong for gjester, og Retro spela til dans, minnast han.

### Gaurhovdkiosken

- I påsken er kiosken open, og dei aller fleste som er på skitur på Torpoåsen, tek turen innom for vaffel, kaffi, kakao eller anna godt å bite i, fortel Bent Arild. Her har familien hans drive påskekiosk sidan 1965, og dette er plassen der du kan setje deg godt til rette i solveggen og nyte påskeværet og den fantastiske utsikta. "Gaur" i Gaurhovd betyr utsikt. -På skjærtorsdag er det litt aktivitetar her også, som rebusrenn for heile familien, med premiering. I tillegg er kiosken også open når skirennet Slarverennet for damer, går, opplyser



Ingebjørg Karterud kinnar smør.



Her er det sal av rummegraut, ystil, gommokaku, kvikaku, brus og anna.

han.

Bent Arild har drive garden i omkring 30 år. Han overtok etter mor si i 1990. -Det er mor mi, Kari Spildrejorde som er drivkrafta bak stølsdagen. Dette er noko ho verkeleg brenn for, fortel han. Ho er framleis aktiv i samband med planlegging og utføring av denne dagen, sjølv om det er lenge sidan ho dreiv garden.

-I kiosken kan du ofte treffe på sonen

til Bent Arild, Fredrik Spildrejorde.

- Det bur ein liten kremmar i han, og det er så greit å ha med han på laget, meinar Bent Arild. Han kjem også til å delta aktivt i den nye drifta av mjølkføjet på stølen, avsluttar Bent Arild. Han er dyktig på økonomi, data og sal. Han er for tida student i Bergen.

*Liv Torunn G. Torpe*

# Sommarsola fyller batteriet

På setra i Dalsbygda er Erling Tingstad og familien i full gang med andre setersommar med el-kraft frå solceller og batteri. Sidan i fjor har dei lagt på 40 prosent meir solceller på setertaket, og det gjer heilt klart utslag på lade-effekten på batteriet, fortel Tingstad.

Av Øystein Skjæveland

Solcellene ligg på taket på seterfjøset ved Setersjøen i Dalsbygda, og batteri og teknisk utstyr er i ein konteinar for seg. I konteinaren kan ein sjå på skjerm kor mykje batteriet ladar og kva ladestatus er. Men Erling Tingstad har også ein app på telefonen der han kan halda oversikt over lading og batterikapasitet. Med sim-kort i batterikonteinaren får han all nyttig informasjon inn



Kyrne går inn i den andre sommaren med solceller på fjøstaket (alle biletet: Erling Tingstad).

på telefonen etter kvart, med få minuttars forseinking.

Og det er tydeleg meir straum å henta i år. -I dag var det heile 83 prosent att på batteriet etter kveldsstellet, fortel han til Seterbrukaren.

Batteriet kan gå ned i 20 prosent før ein må lada opp att. Er det under 5-6 prosent så vil ikkje batteriet levera straum meir, fortel Tingstad. Det er automatikk som sikrar at ein ikkje kan lada batteriet heilt ut. På same måten kan ein heller ikkje lada batteriet heilt fullt.

**Overskot som varmt vatr**  
Fjellsola i Nord-Østerdalen kan skina sterkt når ho berre vil, og med ekstra solceller på taket kan det somme dagar verta så mykje straum at batteriet ikkje har plass til meir. Men Erling Tingstad har ein plan for å hanskast med dette - den ekstra solenergien kan

lagrast som varmtvatn i staden for som elektrokjemiske spenningar i batteriet.


Til dette har han kjøpt inn ein brukta 600 liters ekstra varmtvasstank, men det kom ein liten kjele i vegen: varmeelementet i tanken var gåent, og seterfolket ventar no på nytt element.

Men når alt er på plass, er elektronikken i batteri-konteineren klar for å styra overskotsstraumen til varmtvasstanken, så ingen solstrålar går til spille lenger. I staden er det rikeleg med varmt vatn til vask og fjøsstell, og det er faktisk dette som er den største straum-slukaren på setra.

-Eg er litt spent på dette, men eg har tru på at det skal gå bra, seier Erling Tingstad til Seterbrukaren.

**Skodda dempar sola**

Men det har mykje å seia kor mykje av sola som slepper fram til solpanala, fortel han. Er det disig, lågt skydekke eller skodde, kan ladinga koma ned i 3 kW. Ein dag var det heilt nede i 1,5 kW. Men ein solrik dag er det fort over 10 kW inn på batteriet. Tala frå 2020 syner tydeleg at det er varmtvatnet som dreg avgarde med det meste av sol-straumen. Det elektriske anlegget er delt i to, med eit tre-fase-anlegg som driv mjølkemaskin og mjølketank, og eit ein-fase-anlegg for varmtvatn



Ved hjelp av appen på telefonen kan ein halda kontroll med straumproduksjonen og tilstanden til batteriet. "AC loads" er forbruket på 3-fasen, altså mjølkemaskin og tank. "DC power" er forbruket på 1-fasen, som er varmtvatn og seterhuset. "PV charger" er det som solcellene produserer. "Discharging" er kor mange prosent det er på batteriet (skjermdump).

og ymse anna. Og i fjor drog altså ein-fase-anlegget avgarde med heile 1700 kilowattimar, medan mjølkemaskin og tank berre tok 320 kWt.

-Det er litt overraskande eigentleg, seier Erling Tingstad. Men grunnen er at tre-fasestraumen berre går kort tid, medan varmtvatnet står på heile tida.

Erling Tingstad vedgår at han har ei særleg teknisk interesse, og han fylgjer godt med på korleis anlegget leverer. -Før fjøsstellet så ser eg på kor mykje som er på batteriet, og korleis sola står, fortel han.

Mjøkstellet varer omlag ein time morgen og kveld, og no er det 21 kyr som mjøkar.

#### Slått og setring

Erling Tingstad er i slåtten heime, samstundes som seterdrifta går for fullt. Heime slår han 375 mål, og

graset går i rundballar. Heimegarden ligg på 750 m.o.h. og setra på 865 m.o.h. Det er ni kilometer å køyra i mellom, så det går greit å vera både seterbrukar og slåttekar.

Dei er på setra til omlag 20. august. Då minkar energien i utmarksbeitet såpass at det er på tide å koma seg heim att.

Det er Norges Vel som står bak forsøket på setra i Dalsbygda, der føremålet er å finna måtar å gjera stølsdrifta uavhengig av fossilt drivstoff. Solcelle-anlegget er levert av det lokale elektrofirmaet Energi Pluss.

Tanken er at etter kvart som ein får prøvd ut eit system som fungerer, så skal solceller vera ei tilgjengeleg energikjelde for fleire norske setertak. Og då kan ein skru av diesellaggregatet, og roa kan senka seg over setervollen.



Dei blå boksane inne i batteri-konteinaren er inverterane, som gjer om solcelle-straumen til 230 volt vekselstraum. Under står batteria.

## Mange ting spelar inn

Eit solcelle-anlegg på setra må tilpassast kvart enkelt tilfelle, seier leverandøren av solcellene på Ustuvollen i Dalsbygda.

Det er firmaet Energi Pluss som har levert sol-anlegget, og dagleg leiar Ole Petter Hansæl seier at eit anlegg av denne typen kan kosta omlag 600 000 – 700 000 kroner. Det omfattar då omlag 70 solcellepanel, installasjon av desse, batterikonteinaren og styringssistema der, og oppkopplinga av heile anlegget.

Men kvart anlegg må tilpassast kvart enkelt tilfelle, seier Hansæl i eit intervju på nettsida til Norges Vel, som står bak forsøket på setra i Dalsbygda.

Ein må gå gjennom kvart prosjekt nøye, og mellom anna sjå på kva ein kan gjera for å få ned forbruket – både samla energibruk og effekttoppar. Kostnaden vil også variera etter kva slags elektriske installasjonar



Erling Tingstad framfor batteria som lagrar solcelle-straumen (bilete: Norges Vel).

som er på setra frå før, seier Hansæl.

#### Kort brukstid

Eit solcelleanlegg på setra er ei stor investering, særleg med tanke på at det kanhenda berre er i bruk 8-10 veker i året. Men det er fleire moment som kan vera verd å tenkja over:

- Kva vil fast nett-tilknyting kosta til samanlikning? Fastnett kostar både å byggja ut og å bruka (nettlege, straumkostnad, avgifter), og utbyggjinga fører også til naturinngrep.
- Når ein samanliknar med diesellaggregat må ein også ta med driftskostnader som t.d.

Det vil vera open dag på setra **torsdag 12. august 2021** for alle som vil læra meir om solceller og batteriløysingar.

service og transport av diesel, i tillegg til sjølve diesel-prisen.

- Kor viktig er miljøvern og omdøme?
- Kor stor pris set du på å ha det stille (unngå aggregat-støy)?

På Ustuvollen var ikkje fast straumnett eit reelt alternativ, med ein prislapp på to millionar kroner. Og for ekteparet Erling og Hanne Østgaard Tingstad er det svært verdfullt å kunna vera på setra om sommaren utan stadig traktordur, og utan å måtta passa på traktoren heile tida. Tingstad vurderer no også å installera solceller heime på garden.

Riksantikvaren:

# -Seterdrifta er viktig for oss

## Hvorfor er seterdrift viktig?

Riksantikvaren er optatt av seterlandskap, seterdrift og seterkultur. Dette har vært et viktig tema for oss siden midten av 1900-tallet. I dag er flere seterlandskap med blant våre satsinger, blant annet i forbindelse med Utvalgte kulturlandskap i jordbruksdrift (tilskuddsordning i samarbeid med Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet) og KULA (Riksantikvarens register over kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse). Dette en driftsform som går langt tilbake i tid og er del av en utmarksbruk som har vært en historisk bærebjelke i norsk jordbruk. Husdyrhald med beitedyr har seks tusen års tradisjon i Norge.

## Hva betyr seterlandskapet for oss?

Seterlandskapet med sine bygningsmiljøer, andre kulturminner, artsrike kulturmarker og kunnskap og tradisjoner representerer unik og verdifull materiell og immateriell kulturarv både i nasjonal og internasjonal sammenheng. For kulturmiljøforvaltningen er videreføring av den særpregete og verdifulle driftsformen knyttet til seterlandskapet helt essensielt for ivaretakelsen av jordbrukskulturarvet. Vi mener denne driftsformen også er framtidsrettet gjennom sin utnytting av lokale grasressurser til matproduksjon, ivaretakelse av kulturbetinget naturmangfold, helhetlige landskapsverdier og store opplevelseskvaliteter for allmennheten.

Innsatsen for seterdrifta  
treng fleire støttespelarar.

**Bli medlem**  
i Norsk seterkultur!  
[www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)



Riksantikvar Hanna Geiran svarer på spørsmål fra Norsk seterkultur i denne artikkelen (bilete: Riksantikvaren).

Vi ønsker å fremme ivaretakelse av verdiene i seterlandskapet. Slik vi ser det står denne særpregete og verdifulle driftsformen overfor en todelt utfordring – den ene er nedlegging, gjengroing og forfall, den andre er nedbygging knyttet til hytter, reiseliv og infrastrukturtiltak eller omlegging til intensiv jordbruksdrift.

*Hvordan skiller bygningsmiljøet på setrene seg fra bygda og hvorfor er det viktig å ta vare på det?*

Seterdrift er uløselig knyttet til en mangfoldig utnytting av ressursene som lå til gården. Ved å bevare setrene får vi derfor et

helhetlig bilde av den viktige rollen utmarksressursene spilte for gårdsdriften.

Seterlandskapene viser variert bruk av ulike ressurser og stor tidsdybde. Ofte er mange forskjellige kulturminner koncentrert på relativt små områder. Fra steinalder via fangstgraver og jernutvinning til flere tusen år gamle tufter etter bosetting og etter hvert stølsdrift.

Vi heier på alle som står på for fortsatt seterdrift og bruk av setrene, som Norsk Seterkultur. Fjorårets opprop om et løft for seterdriften viser et sterkt engasjementet for feltet.

Mange av produkta våre  
har rot i støls-  
kulturen og  
vi støttar  
Norsk seterkultur i arbeidet  
for denne driftsforma.



# Øk melkens verdi med eget gårdsysteri

Fjøssystemer tilbyr komplette løsninger til gårdsmeieri og ysting fra anerkjente Plevnik. Ystekar, ostepresser, pasteuriseringsutstyr og mye mer. Plevnik er kjent for topp kvalitet og finish.

Vi tilbyr selvsagt montering, service og deler til dette utstyret på lik linje med resten av Fjøssystemers sortiment. Ta kontakt med Knut Evensen: knut@fjossystemer.no



**PLEVNIK**

Add value to milk.

**SMART  
FÖRING**  
FJØSSYSTEMER



[www.fjossystemer.no](http://www.fjossystemer.no)

**FJØSSYSTEMER**  
Bonden og dyrenes førstevalg

Øst  
2634 Fåvang  
Tlf. 61 28 35 00  
ost@fjossystemer.no

Sør  
3178 Våle  
Tlf. 33 30 69 61  
sor@fjossystemer.no

Vest  
4365 Nærø  
Tlf. 51 43 39 60  
vest@fjossystemer.no

Nordvest  
6770 Nordfjordeid  
Tlf. 57 86 25 05  
nordvest@fjossystemer.no

Midt  
7473 Trondheim  
Tlf. 72 89 41 00  
midt@fjossystemer.no

Bygg  
2634 Fåvang  
Tlf. 61 28 35 00  
bygg@fjossystemer.no

**Sendar:**  
Norsk seterkultur  
Skrautvålvegen 77  
2900 Fagernes



# Optima pH4 Gel

**Til overflatesår, munnskurv, jur- og spenesalve,  
og som glidemiddel ved fødselshjelp.**

**Andre produkt:**

- Spenevask og Spenespray** - god jurhelse - god mjølkehigiene
- Universalvask og Organiske syrer** til reinhold i heim, fjøs og ysteri
- Hudvask og Hudbalsam** - personleg hygiene og ved hudplager

Les meir på [www.optima-ph.no](http://www.optima-ph.no) sider for geit og storfe

**Gjer «livet surt» for problembakteriane og legg  
til rette for dei gode bakteriane i helle miljøet.**

